

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 5

Fylke: Nordland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Aushovun

Emne: Vambaving

Bygdelag: - - -

Oppskr. av: Lars Anton Solheim

Gard:

(adresse): Dymvåg

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Eble ey, rayrøli

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Så langt som gamle folk kan hugsa har ein borte vorte heim. So byttes på ein gang. Namnet på bereket er vassel. Vasselen ser ut slik:

Det er ein utthola oppring for halsen midt på vasselen, og på er han slik laga at noko av armene kviler på skidrane. Fra dei yste armene går det tog med krokas i. No er ein ber tek ein og tek i hanken på bydene med hendene.

På er var liten kan, og hugsa at det var tekkrokar i enden på toga, men etter kvott gikk tekkrokaner ut og det kom byelling med jarnkrokas i. Det er kring 45 år siden ein slakta med tekkrokar.

Trebytte var bruket på alle gardar for kring 60 år sidan, men gikk ut etter kvott som sinterbydene kom, så kring hundred år skiftet kan ein seia at trebytte gikk ut, men ei og anna trebytte har ein funne på sumne gardar ennå.

Har ulla ved kysten fekk ein befat og
 busyttles på denne måten: Føkk mine
 frå fjord- og fjellbygdene kom og bytte
 dei til seg. Dei fekk bytta fjell i korn
 og fabel fjell i korn, så det vart
 ein byttehandel.

Her ulla ved kysten vart ein gjeldar
 vasslaus om vinteren så det var ikkje
 andre måtar å henda vobn på enn
 vassel. Men om sommaren kunne
 det koma lurke botkar så mest alle
 kjeldar vart tomme, men på mange
 natene og lurre holmar og her mange
 stode holar med friskt egg kome-
 vobn. Om ein austre gjeldar lurr
 om kvelden så var ho full att
 om morgonen. For å få vobn satk
 dei husbruk i slike lurke botkar
 laut fleire huslydar, så seg saman
 og så fyllte dei ein heil båt med
 vobn og slepa han heim til må-
 let, og så var dei vobn og biten
 korn til seg.

Om hausten og alle kobra vart
 innsette og framsette vinteren vart
 det ein vassbering eller om summa-
 ren. Då var som regel tenestegjen-
 tene som med dei skidde borna
 som laut vera vobnet heim både
 til fjøs og slova. Dette arbeidet
 vart gjort straks for skymninga
 om kvelden. Mange gonger hende
 det at unngjitarne kom og hjelpe

3

gjenbrune. Ellers vort vassbering a i
del heile mest utfril av kona
og kvinnelige tenarar.

Disse midlane har gill og
bruk eller kvort. For i lida kunne
kjellene ligga langt fra hus a;
ein henta vatnet fra der del var a
ferma i bekke og opp komer, men
eller kvort vort vassbeirane
lagt norovr husa.

Om forholdet i bygda i dag kan
ein se a: Eller kvort som ^{frak} bygget
nye og lenlige hus, syble ein ogsa
for skikkelige brunnar. Ein legg ja
inn pumpevett og spring i hus
eller som det hoier. Men ein kan
se a at kring 90% enno ber vob-
net i hus. Men dette ser ut til
a rekta ja og eller kvort.

For ute ved kysten der frak bygget
hus ja holmar og igar er det mange
og nye vanskelige a ja skikkelige
brunnar. Da gjer ein det ja
den maiken at ein samler vob-
net av Loket i store kos av
sement. Da legg ein inn spring
eller pumpe. Da einne stode
her ute er vatnet sa brunt at
ein kan ikke bruke det. Da er Lok-
vatnet godt a taka til

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 5 Fylke: Hordaland
 Tilleggsspørsmål nr. Herad: Austrheim
 Emne: Vannbæring Bygdelag: "
 Oppskr. av: lærar Anton Solheim Gard:
 (adresse): Synnevåg G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Etter eige røynsle

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Så langt som gamle folk kan hugsa har ein bore vatn heim, to bytter på ein gong. Namnet på beretreet er vassel. Vasselen ser ut slik: Det er ein uthola oppning for halsen midt på vasselen, og så er han slik laga at noko av armene kviler på skuldrane. Fra dei ytste armene går det tog med krokark i. Når ein ber tek ein og tak i hanken på byttene med hendene. Då eg var liten kan eg hugsa at det var trekrokar i enden på toga, men etter kvart gjekk trekrokane ut og det kom kjetting med jarnkrokark i. Det er kring 45 år sidan ein slutta med trekrokar. Trebytter var brukt på alle gardar for kring 60 år sidan, men gjekk ut etter kvart som sinkbyttene kom, så kring hundrad år skiftet kan ein seia at trebytte gjekk ut, men ei og anna trebytta har ein funne på sumne gardar enno. Her ute ved kysten fekk ein trefat og trebytter på denne måten: Folk inne frå fjord- og fjellbygdene kom og bytte dei til seg. Dei fekk bytta full i korn, og fatet fullt i korn, så det vart ein byttehandel. Her ute ved kysten vart ein sjeldan vasslaus um vinteren så det var ikkje andre måtar å henta vatn på enn vassel. Men om sumaren kunne det koma turkevekor så mest alle kjeldor vart tomme, men på mange nakne og turre holmer er her mange stader holer med friskt opp kome-vatn. Om ein auste kjelda turr om kvelden så var ho full att om morgonen. For å få vatn nok til husbruk i slike turkebolkar laut fleire huslydar slå seg saman og så fyllte dei ein heil båt med vatn og slepa han heim til nautet, og så bar dei vatn or båten kvar til seg: Om hausten og alle krøtra vart innsette og frametter vinteren vart det meir vassbering eller om sumaren. Då var som regel tenestgjentene som med dei største borna som laut bera vatnet heim både til fjøs og stova. Dette arbeidet vart gjort straks før skyminga om kvelden. Mange gonger hende det at unggutane kom og hjelpte gjentene. Ellers vart vassberinga i det heile mest utført av kona og kvinnelege tenarar. Desse metodane har gått or bruk etter kvart. Før i tida kunne kjeldene liggja langt frå husa, ein henta vatnet frå der det var å finna, i bekker og oppkomer, men etter kvart vart vassbrunnane lagt nærare husa.

spring

Om forholdet i bygda i dag kan ein seia: Etter kvart som folk byggjar nye og tenlege hus, sydter ein også for skikkelege brunnar. Ein legg då inn pumpeverk og i hus etter som det høver. Men ein kan seia at kring 90% enno ber vatnet i hus. Men dette ser ut til å retta på seg etter kvart. Her ute ved kysten der folk byggjer hus på holmar og øyar er det mange gonger vanskeleg å få skikkelege brunnar. Då gjer ein det på den måten at ein samlar vatnet av taket i store kar av sement. Så legg ein inn spring eller pumpa. På sume stader her ute er vatnet så brunt at ein kan ikkje bruka det. Då er takvatnet godt å taka til.

NORSK ETHNOLOGISK GRANSKING

adr. NORSK FOLKEMUSEUM

558

BYGDØY

Avskrift rettel:
L. G. All.